

Retningslinjer for bruken av Næringsfondet i Jondal kommune:

1 Heimel, kapital og avkastning

Grunnkapitalen på kr. 800.000,- vert plassert i bank eller finansinstitusjon på best mogleg vilkår.

For 2014 vil fondet verta tilført om lag kr 2.250.000 i konsesjonsavgifter frå

Folgefonnanlegga. Løyvingar til næringsstøtte vert fastsett i kommunebudsjettet.

Det bør normalt stå minimum kr. 1.500.000 på fondet. Dette som ein buffer ved stor søknad enkeltår.

2 Føremål

Det overordna målet med næringsfondet er å bidra til sikring og vidareutvikling av eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Som del av kommuneplanen skal det lagast ein næringsplan. Denne skal gje grunnlag for prioritering av prosjekt. Det er eit mål at størst mogleg del av næringsfondet går til direkte nærings tiltak.

2.1 Satsingsområde

- *IKT-baserte arbeidsplassar*
- *Landbruk*
- *Reiseliv*

2.2 Eksempel på tiltak som kan få stønad:

- **Kommunalt tiltaks- og næringsarbeid**
til dømes: næringsplanlegging, etableringsprosjekt, samarbeid skule/næringsliv og stadutviklingsprosjekt.
- **Fysisk tilrettelegging for næringsverksemd og stadutvikling**
til dømes: kommunal tilrettelegging av næringsareal, fysisk stadutvikling, infrastruktur for reiseliv, vassforsyning.
- **Landbruk**
til dømes: gardsturisme, driftsbygningar, vegar, grøfting, dyrking, kjøp av mjølkekvote, plantefelt for bær, frukt og skog, gjerdehald.
- **Bedriftsutvikling**
til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging.
- **Investering i bedrifter**
til dømes: utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart og utviding av bedrifter.

- **Ungdom, utdanning og arbeid**

til dømes: Støtte til private verksemdar som tek inn lærlingar i yrkesretta fag.

Næringsfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover kr 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før handsaming av sak til Næringsfondet tek til.

Næringsfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til større investeringar, ikkje drift.

2.3 Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over næringsfondet:

- *Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette er ikkje til hinder for at næringsfondet kan støtte ny drift etter gjeldssanering.*
- *Det kan ikkje gjevast stønad til drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Avdrag og renter på lån vert ikkje rekna som drift av kommunen.*
- *Transportmiddel (bil, varebil, lastebil, traktor etc.) fell i utgangspunktet utafor det som fondet gjev støtte til. Ut over dei prioriteringar som er gjort i strategisk næringsplan, bør all næringsverksemd likestillast.*

3 Former for stønad

- *Stønad skal i hovudsak gjevast som tilskot. Næringsfondet kan gje lån, eller lån på visse vilkår, under dette ansvarleg lån. Storleiken på tilskota og/eller lån skal vurderast ut i frå samla kapitaltrong og tilgang på andre distriktspolitiske verkemiddel.*
- *Næringsfondet bør ikkje nyttast til å teikne aksjar og lutar i privat næringsverksemd. Kommunen kan fort komme i ein uheldig dobbelrolle som ansvarleg for både investering/drift og tilskot/lån.*

4 Tilhøvet til internasjonale plikter på statsstøtteområdet

Øvre ramme for stønadsbeløp pr. prosjekt må haldast innafor dei maksimale rammene som følgjer av ESA statsstøttereglar.

Gjennom EØS- avtalen har Noreg plikta seg til å avstå frå å yte konkurransevridane offentleg stønad til næringslivet i den grad stønaden påverkar samhandelen mellom EØS- landa.

Definisjonen offentleg stønad dekkjer stønad gjeve frå offentlege kjelder anten desse er statlege, fylkeskommunale eller kommunale. Reglane om offentleg stønad vil derfor regulere bruken av Næringsfondet, når fonda vert nytta til stønad til bedrifter. Stønad til prosjekt i kommunal regi, som nærings- og tiltaksprosjekt og infrastrukturprosjekt fell ikkje inn under reglane om offentleg stønad.

Støtte frå Næringsfondet fell inn under reglane om bagatellmessige stønadsordningar.

Bagatellmessige stønadsordningar skal meldast til ESA, men krev ingen årleg rapportering. Reglane om bagatellmessig stønad seier at ei bedrift kan ta imot inntil 200.000 EURO (kr 1,6 mill med ein eurokurs på kr 8) i ein tre års periode frå det tidspunkt ei bedrift er tildelt bagatellmessig stønad. Ein må difor ta omsyn til all tildelt bagatellmessig stønad for ei bedrift innafor siste treårs perioden. Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unnateke støtte til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

5 Forvaltning

- *Hovudutvalet for teknisk og næring er styre for Næringsfondet, og vert delegert avgjerdsmynde.*
- *Tilsegn om tilskot over kr. 100.000,- skal godkjennast av kommunestyre.*
- *Søknader til Næringsfondet skal skje på fastsett skjema, søknadsfristar er 7 januar og 1 juli – skjema finn ein på kommunen si heimeside på internett www.jondal.kommune.no og alle søknader vert å sende postmottak@jondal.kommune.no.*
- *Saksførebuinga til styret for Næringsfondet vert delegert til rådmannen i samsvar med §23 i Kommunelova. Rådmannen kan internt delegera mynde.*
- *Alle søkjarar til næringsfondet har høve til å møta til fondsstyret eller kommunestyret for å presentera prosjektet sitt/forretningsideen sin.”*
- *Budsjett og rekneskap skal integrerast i kommunen sitt økonomisystem i samsvar med gjeldande føresegner. I tillegg føreset ein at det vert utarbeid eit vedlegg til rekneskapen med ein samla oppstilling av Næringsfondet sine inntekter og utgifter. I budsjettet skal Kommunestyret konkretisera sum frie fondsmidlar til tildeling i form av tilskot.*
- *Mindretalet i fondsstyret kan bringe organet sitt vedtak inn for kommunestyret.*

6 Årsmelding

Kvart år skal det leggjast fram for kommunestyret årsmelding om bruken av Næringsfondet. Årsmeldinga skal innehalda:

- *Rekneskap*
- *Oversyn over prosjekt og type tiltak*
- *Framlegg til endringar i prioriteringar/retningsliner for bruken av Næringsfondet for neste år.*

Søkjarar som har vorte tildelt tilskot gjennom Næringsfondet skal sende inn rekneskap/årsmelding for det aktuelle år tilskotet vart utbetalt, med tilbakemelding om kva verknad tilskotet hadde for det aktuelle året.

7 Storleik på stønad

Samla finansiering frå Næringsfondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstiga 50 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte.

8 Vilkår for utbetaling

Utbetaling skjer i to terminar.

Femti prosent når fondet mottok skriftleg melding om at tiltaket er sett i verk og søker aksepterar vilkåra. Resten vert utbetalt når det ligg føre stadfesting på at tiltaket er gjennomført og prosjektrekneskap.

Frist for gjennomføring av tiltaket er to år. Administrasjonen får fullmakt til å godkjenna eit års utsetjing av frist etter skriftleg søknad.

9 Klage

Vedtak fatta av fondsstyret er eit enkeltvedtak og kan klagast på til kommunestyret. Har kommunestyret fatta vedtak i saka er det fylkesmannen som tek stilling til klagen. I begge høve skal klagen sendast til Jondal kommune. Klagefrist er 3 – tre – veker etter at vedtaket er gjort kjent.

10 Unntak frå desse retningslinene.

Kommunestyret kan i enkeltsaker gjera unntak frå desse retningslinene for bruk av Næringsfondet, så lenge vedtaket er i samsvar med "Vedtekter for Næringsfondet i Jondal kommune", vedtekne av kommunestyret 11.12.2013 i KS-sak 050/13 og stadfesta av fylkesmannen.....

KS-049/13 VEDTAK:

Vedtekter for næringsfond for Jondal kommune og Retningsliner for bruk av næringsfond for Jondal kommune vart vedteke av Jondal kommunestyre 11.12.2013, sak 13/281.